

## Møtereferat

Dato: 24.04.2018

Emne:	<b>Referat 17.04.2018</b>	
Til stades:	Sebastian Hauan Stenberg, Madelen Eidsvik, Hannah Livden, Anders Rosvold, Sivert Risa, Markus Vikøren Monica Mørk, Darah Naziri, Brynhild Lyssand Eide, Anne Grethe Korsmo, Leif Sigurd Danielsen, Knut Olav Nestås, Venke Barrikmo	
Forfall:	Henrik Hole Falck	Sak: 2017/15617-20
Møtetid:	16.00-17.00	Møtestad: Rom 932

**Møteleiar: Venke Barrikmo**

**Referent: Venke Barrikmo**

### Status i planlegginga

Russepresidenten hadde ein gjennomgang av status - rett før russetida startar. Det mest presserande var kor russen kunne arrangere russedåp 26. april. Avtale om å få vere på Slettebakken vart avslått, men byrådsleiar gav russen tilbod om å vere i Bergenshallen, noko dei takka ja til. 14 skular (ca. 2 000 russ) har meldt seg på arrangementet. Russedåpen er ope for alle som vil vere russ. Russepresidenten informerte om at det er kutyme for lærlingar å vere russ 1. år som lærling, utan at det ligg føre tal på kor mange dette gjeld. Hovudrussestyret har eit godt samarbeid med både kristenrussen og Edruss.

Russedåpen i Bergenshallen 26. april har følgjande plan:

- Kl 19.00-21.00 – dåp
- Kl 21.00-23.00 - konsert

Når det gjeld feiring 16. mai er hovudrussestyret i dialog med Travparken. Eige firma, KPC, er leig inn for dette arrangementet. Legitimasjon må visast for å kome forbi sperringane. Det vil vere mange frå politiet som stiller opp på arrangementet, mange av dei på fritida si.

Det har skjedd mange positive endringar for russegjennomføringa dette året. Målet er å følgje dei lovar og reglar som gjeld, jf. avtale som er inngått med direktør opplæring.

T.d. nemner russepresidenten at russeknutar med seksualisert innhald er fjerna, i tillegg til forbetringar som vart gjort frå starten i haust.

Russepresidenten understrekar at alle endringane som hovudrussestyret har gjort, har fått kritikk frå enkelt hald, og vore krevjande for styret.

## Russebuss

Kvar buss har to rulleansvarlege som skal vere edru. Alle som deltek på buss skal vere myndige, og det er ikkje lov til å ha fleire passasjerar enn det er sitteplass til. Det blir oppretta egne busslister med bilete, namn og telefonnummer, som politiet får tilsendt.

Buss-sjefane vert kalla inn til møte med politiet i veke 17.

## Russerebus

Representanten for Trygg Trafikk informerte om russerebusen som skal arrangerast 27.04.2018: Det er ca. 300 påmeldte. Opplæringsavdelinga støttar arrangementet økonomisk, etter søknad frå Trygg Trafikk.

## Innspel frå politiet

Flyten av ulovlege rusmiddel skapar bekymring, og ber difor russen vere ekstra oppmerksom på dette. Dei ønskjer at det blir meldt frå dersom dei oppdagar sal, og ber russen om å avvise personar som har tydeleg planar om sal.

I tillegg må russen vere obs på sal av smuglarsprit. Det vil komme personar som vil selje sprit, avvis dei.

Dersom det skjer noko, bruk politikontaktane i samarbeidsgruppa. Det kan òg vere aktuelt å kalle inn samarbeidsgruppa dersom alvorlege hendingar skjer. Dersom det kjem saker i media, og russestyret må svare, tenk dykk godt om, eventuelt ver i dialog med politiet før de det blir intervjuet.

## Evalueringsmøtet

Innkalling til evalueringmøte av samarbeidsgruppa sitt arbeid 2017-18, den 5. juni, vart sendt ut i haust. I møtet 17.04.2018 kom det fram at den datoen kolliderer med førebuing til munnleg eksamen for nokre i gruppa. Av den grunn vert møtet framskynda til måndag 04. juni. Endra innkalling blir sendt ut.